

# Prop. 86 S

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet for 2011 under Fiskeri- og kystdepartementet (oljevernaksjon i samband med Godafoss-grunnstøytinga)

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet av 1. april 2011,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

Det Antigua Barbuda-registrerte containerskipet "Godafoss" grunnstøyte om lag klokka 20.00, torsdag 17. februar 2011, på Kvernskjær, mellom Asmaløy og Kirkøy i Hvaler i Østfold. Skipet hadde truleg rundt 800 tonn tungolje om bord ved grunnstøytinga. Det vart registrert lekkasje i to tankar midtskips, kvar med 265 tonn olje. Mannskapet vart ikkje skada.

Som følgje av omfanget av hendinga vart det i løpet av kvelden same døgn sett i verk ein statleg aksjon i regi av Kystverket. Det lokale interkommunale utvalet mot akutt forureining (IUA) vart mobilisert, og fleire statlege fartøy og ressursar vart kalla inn.

Store sjøgåande ressursar med ulikt oljeopptaksutstyr vart mobiliserte. Kystverket nyttar den såkalla København-avtalen for å be om hjelp frå Sverige. Tre svenske fartøy var med i den sjøgåande operasjonen.

Kystverket forsøkte tidleg i operasjonen å peile oljen i tankane, for å sjå kor mykje som hadde leke ut. På grunn av låg temperatur i tankane var oljen blitt så tjukk at det ikkje var råd å komme til med peilingsutstyr. Det var derfor van-

skeleg å seie noko eksakt om kor mykje olje som hadde leke ut. Men ein rekna tidleg med at det truleg ikkje var store mengder. Kystverket gav skadevaldar pålegg om å setje i verk tiltak for å avgrense forureininga frå havaristen.

Den 23. februar vart "Godafoss" dregen av grunnen, og slept til ankringsplass ved Kjerringholmen for nødlassing av drivstoff og last. Eigararen av "Godafoss" ønskete å segle fartøyet til Danmark for reparasjon. Med utgangspunkt i pålegg frå både Sjøfartsdirektoratet og Kystverket leverte reiarlaget Eimskip ei risikovurdering for overfarten, i forkant av seglasen. Denne vurderinga skisserte også tiltak for å avgrense risikoene for vidare forureining. Opplysningane og risikovurderingane som var gjort gav ikkje Kystverket eller Sjøfartsdirektoratet grunnlag for å gi ytterlegare pålegg til reiarlaget. Etter å ha gjennomført ei stabilitets- og styrkevurdering av skipet, godkjende klasseselskapet Det Norske Veritas (DNV) overfarten til Danmark.

Under overfarten vart det ikkje registrert oljeutslepp, men det oppstod oljeforureining frå olje som satt fast på utsida av skroget til Godafoss. Reiarlaget hadde ansvaret for å gjennomføre dei tiltaka som var skisserte, og for at operasjonen vart

gjennomført slik det var framlagt for ansvarlege styresmakter. Kystverket har på denne bakgrunn bedt Eimskip om ei utgreiing om oljeforureininga under overfarten.

## 2 Behov for løyingar

Etter forurensningsloven er det forureinar som er ansvarleg for kostnadene knytt til avgrensing og opprensing etter oljesøl. Det vil derfor bli kravd refusjon for dei samla kostnadene ved oljevernaksjonen overfor ansvarleg forureinar. Etter føresegne i sjøloven kan likevel ansvaret avgrensast. Kystverket sine førebelse utrekningar viser at ansvarsavgrensingsbeløpet for "Godafoss" er om lag 430 mill. kroner.

Statsbudsjettet kapittel 1062 post 21 Spesielle driftsutgifter skal dekkje utgifter til mindre aksjonar knytt til akutt forureining. Løyinga er i saldert budsjett 2011 sett til 194,35 mill. kroner. Av dette er 4,35 mill. kroner øyremerka mindre aksjonar gjennom budsjettåret. Dei attverande 190 mill. kronene er øyremerka spesifikke formål; 50 mill. kroner knytt til vidare utgreiingar og kvalitetssikring av handteringa av vraket etter ubåten "U-864", 110 mill. kroner til fjerninga av vraket "Murmansk" og 30 mill. kroner til oppfølging av Kystverket sin vrakrapport frå 2006.

Dei årlege budsjetta tek ikkje høgde for kostnader til større oljevernaksjonar som den som vi har hatt i Hvaler. Grunnstøytinga har som nemnt ført til at det var behov for å setje i gang strakstiltak for å redusere skadeomfanget. Fiskeri- og kystdepartementet er i eige romartalsvedtak gitt fullmakt til å overskride løyinga under kapittel 1062 post 21 med inntil 15 mill. kroner dersom det er nødvendig å setje i verk tiltak mot akutt forureining utan opphald, og før Kongen kan gi sitt samtykke. Behov for straks å setje i verk skadereduserande tiltak medførte at departementet delegerte denne fullmakta til Kystverket 18. februar 2011.

Etter bevilgningsreglementet § 11 andre ledd kan Kongen i statsråd samtykke i at ein drar på seg utgifter utan løvingsmessig dekning for høgre beløp enn 5 mill. kroner dersom det er uomgjengeleg nødvendig å dra på seg utgifter før Stortinget kan gi tilleggsloving. Det skal fremmest forslag om løving for Stortinget så snart som mogleg når Kongen si ekstraordinære fullmakt til overskrivingssamtykke blir nytta. Inntil Stortinget har vedteke forslaget om tilleggsloving, må utgiftene avgrensast til det som er strengt nødvendig.

I kongeleg resolusjon av 25. februar 2011 fekk Fiskeri- og kystdepartementet fullmakt til å overskride løyinga for 2011 under kapittel 1062 post 21 med inntil 110 mill. kroner. Det vart lagt til grunn at Kystverket dermed fekk dei nødvendige midlane til å dekkje aksjonskostnadene fram til det var mogleg å få ei oversikt over omfanget av aksjonen. Det vart vidare lagt til grunn at når ei slik vurdering låg føre skulle saka fremmast for Stortinget.

Det er framleis knytt stor usikkerheit til omfanget av aksjonen. Det heng særleg saman med isforholda i området. Isen har enno ikkje gått frå alle områda som er ramma av utsleppa. Kystverket vil derfor først seinare uts på våren ha full oversikt over kvar det må setjast i gang strandaksjon. Det har til no vore lett å fjerne oljen frå underlaget der han har kome på land. Kulde og konsistensen til oljen (tungolje) har gjort at han kan plukkast rett opp frå underlaget. Dei største påslaga er gjort på Sandøy i Nøtterøy-skjergården, på Ryvingen fyr i Vest-Agder pluss eit flak ved stasjonen til Havforskningsinstituttet i Flødevigen i Arendal. Kystverket sin prognose for faktiske kostnader til aksjonen per midten av mars 2011 ligg rundt 77 mill. kroner.

Totalt var per 28. mars registrert om lag 100 påslag, og ingen av større omfang. Samla er mindre enn ein kilometer strandlinje registrert forureina. Østfold er lite ramma. Oljen følgde straumen og gjekk over mot Vestfold. Noko vart igjen i Nøtterøy-skjergården, resten dreiv nedover mot Svenner, Jomfruland og traff land nokre stader i Agder-fylka. Det sørlegaste registrerte oljepåslaget er ved Lindesnes.

IUA-ar som dette vedkjem (Østfold, Vestfold, Telemark, Aust-Agder, Midt-Agder og Vest-Agder) har hatt mannskap ute og sett i verk ulike tiltak etter kvart som meldingar har påvist behov for dette. Ein prioritærer nå grovreinsking, noko som inneber å fjerne så mykje som råd er medan oljen er kald og tjuktflytande. Prioriterte område er sjøfuglreservat og andre viktige verneområde for fugl. Deretter tek ein viktige badeplassar og friluftsområde.

Det ligg ikkje føre nokon endeleg oversikt over kor mykje olje som lakk ut. Det er ikkje mogleg i dag å få ei oversikt over kor mykje olje det er i ulike iskonsentrerasjonar. Vidare må ein rekne ut vassinnhaldet i den oppsamla oljen. Ut frå førebelse tal legg Kystverket til grunn at ei betydeleg mengd av det som lakk ut er teken opp frå sjøen og samla opp av IUA-ane langs dei ramma kyststrekningane, så langt.

Basert på siste prognose frå midten av mars 2011 står det att rundt 33 mill. kroner av overskridingsfullmakta på 110 mill. kroner gitt i kongeleg resolusjon av 25. februar 2011. Basert på Kystverket si nåverande vurdering av situasjonen ser det ut til at midlane som er igjen er tilstrekkelege for å slutføre operasjonen. Isforholda og kva dei har å seie for mogleg oljepåslag seinare i vår er framleis uavklart, og det er derfor usikkert om det kan bli behov for fleire midlar. Dersom det seinare skulle vise seg å bli behov for ytterlegare løyvningar til aksjonen vil regjeringa komme tilbake til Stortinget med dette på eigna måte.

Med bakgrunn i dette vert det foreslått å auke kap. 1062 post 21 med 110 mill. kroner i 2011 knytt til dekning av utgifter til aksjonen etter Godafoss-grunnstøytinga.

Fiskeri- og kystdepartementet

til rår:

At Dykker Majestet godkjener og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2011 under Fiskeri- og kystdepartementet (oljevernaksjon i samband med Godafoss-grunnstøytinga).

**Vi HARALD,** Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2011 under Fiskeri- og kystdepartementet (oljevernaksjon i samband med Godafoss-grunnstøytinga) i samsvar med eit vedlagt forslag.

## Forslag


### **til vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2011 under Fiskeri- og kystdepartementet (oljevernaksjon i samband med Godafoss-grunnstøytinga)**

I

I statsbudsjettet for 2011 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap	Post	Formål	Kroner
1062		Kystverket	
21		Spesielle driftsutgifter, blir auka med ..... frå kroner 194 350 000 til kroner 304 350 000	110 000 000





Norges Tidsskrifter

241491

Trykk: A/S O. Fredr Arnesen. April 2011